Flotte julegåver!

Kjøp rett frå forlaget



Hanna & Emma-serien
Bente Bratlund
Mållagspris kr 150,- (ord. kr 199,-)

Lettleste venninnebøker som gir massevis av leseglede. 8–12 år

«Feel-good for barn.»
Marianne Lystrup, Vårt Land

Bok 1: *Eg spør!/Eg tør?*
Bok 2: *Operasjon hemmeleg/Slange i paradis*
Bok 3: *Berre venner/Listig plan*
Bok 4: *Surare enn sitron/Hemmeleg gjest* (kr 175,-)*



Teo-bøkene
Solveig Blindheim Bendixen
Mållagspris kr 150,- (ord. kr 199,-)

Koselege og humoristiske forteljingar om Teo som nett har byrja på skulen. 5–9 år

«Hurra! Her kjem den andre boka om førsteklassingen Teo!»
Janne Karin Støylen, nynorskbok.no

Bok 1: *Teo i trøbbel*
Bok 2: *Teo tar sjansen*

Sølvbåt og stjernevind. Den nye barnediktboka
Per Olav Kaldestad og Hanne Bramness (red)
Mållagspris kr 199,- (ord. kr 299,-)

Ei praktfull bok – full av nye dikt for barn. Her vil alle kunne finne sin favoritt. 3–10 år

Meir enn halvparten av dikta er på nynorsk!

Nominert til Kulturdepartementets illustrasjonspris.



Mons Marius er ei løve
Bente Bratlund
Mållagspris kr 150,- (ord. kr 229,-)

I den travle morgonstunda er det mykje som skjer. Skund deg, seier mamma. Og då forvandlar Mons Marius seg til …

Bli med Mons Marius og sjå kva han blir på neste oppslag! 2–6 år

Kjøp bøkene på ordre@mangschou.no
Kjøper du bøker for meir enn kr 400,- får du fri frakt!
Skriv at du er medlem av Noregs Mållag

* Bok 4: *Surare enn sitron/Hemmeleg gjest* 12,5 % rabatt.

mangschou

Framtida til ny

»YTRING

Eg fekk ein e-post frå ein journaliststudent som bad om bakgrunnsstoff til å skrive ein nyheitsartikkel om det norske språket. Artikkelen var eit studentarbeid som ikkje skulle publiserast. Spørsmåla var blant anna om bokmål og nynorsk utfyller kvarandre, og kva som ville skje med sidemålet dersom det blei valfritt. Dette er svært viktige spørsmål så lenge ulike parti har ulike meiningar om dette, og spesielt når fleire parti er ueinige i den offisielle språkpolitikken fram til no. Derfor burde vel denne studenten eigentleg publisere arbeidet sitt og delta i den offentlege debatten. I mellomtida kan eg jo gje mitt perspektiv på saka.

Spørsmålet om valfritt sidemål i skolen er ikkje enkelt. I utgangspunktet handlar det om at vi har to sidestilte skriftspråk i Noreg, og desse to skriftspråka er i dei fleste tilfella valfrie. Det vil seie at den enkelte som regel kan velje fritt kva for eit skriftspråk han eller ho ønskjer å bruke. Sidan begge dei norske skriftspråka er offisielle, nasjonale skriftspråk, er dei også statsspråk. Dette inneber at staten har eit ansvar for å ivareta kommunikasjonen med borgarane.

Sidan val av språk altså er fritt, må den enkelte også kunne få offentleg informasjon på sitt valde språk. Dette har vist seg vanskeleg å gjennomføre, og det er mange som har meiningar om dette; ikkje minst dei som først og fremst tenkjer pengar. Eit anna aspekt ved denne situasjonen er at staten sjølv ikkje har gjort særleg mykje for å handheve den språklege jamstillinga. Dei fleste statlege institusjonar bryt mållova utan at dette har særleg store konsekvensar.

På den andre sida har vi media. Bortsett frå NRK, som er statseigd og dermed må følgje «mållova», følgjer mediebedriftene sine eigne retningslinjer. Det finst ein del nynorsk og ein del tospråklege program og aviser, men det er ikkje til å komme bort ifrå at mediebiletet er dominert av bokmål og Oslo-orientert talemål. På dette punktet har vi ikkje komme mykje lenger sidan debatten mellom Welhaven og Wergeland på 1800-talet. «Alle» kan bokmål – fordi ein er nøydd til det, og altfor mange synest dette er greitt. Nynorskbrukarane kan jo bokmål. Korfor skal dei klage og syte då? Med den same argumentasjonen kan ein snart seie at alle kan engelsk, og at vi ikkje har behov for norsk lenger. Men den meir alvorlege baksida i dagens situasjon er at ikkje alle kan nynorsk (sjølv om dei fleste påstår dei kan nynorsk, men berre ikkje vil skrive det eller ha karakter i det). Problemet er at svært mange lèt vere å lese tekstar på nynorsk fordi det er uvant, eller fordi dei har negative haldningar til nynorsk. Dette skapar eit demokratisk vakuum på nynorsksida. Skriv du tekstar på nynorsk, kan du rett og slett risikere at du ikkje blir lesen eller høyrd i den offentlege debatten. Dette er òg éin av hovudgrunnane til at så mange vel å skifte frå nynorsk til bokmål. Det er svært vanskeleg å halde på sitt skriftspråk, når majoriteten møter deg med negative haldningar og delvis rett og slett ignorerer eller boikottar

> Det er alltid berre snakk om at nynorsk skal bli valfritt. Kall ein spade for ein spade!

dei skriftlege ytringane d
skal vere bra sterk og sta
imot nynorskhetsen i sa
Dei negative haldning
nynorsk er der. Det er m
seie om det. Det eine er s
karaktersystemet. Merke
har jo ikkje matematikkf
den same negative status
om elevane tradisjonelt l
med matematikk. Så det
berre karakterane. Kovu
met er at haldningane til
i stor grad er «nedarva».
har ofte negative haldnin
dei gjer sjeldan noko akti
å gje ungane sine eit mei
lansert syn. Lærarane ma
ofte kompetanse i nynors
har vanskeleg for å skjule
eigne negative haldninga
i stor grad botnar i eigen
petanse på dette feltet. M
lande kompetanse fører
omgang til at dei ikkje kl
lære bort nynorsk, noko
forsterkar dei negative h
gane og «angsten» hos el
Ein del politikarar ser let
poeng og nører opp unde
heile med sin retorikk. M
nok ser det ut til at mang
politikarane ikkje skjønn
det framleis finst ein del
tusen som har valt nynor
sitt hovudspråk. Det blir
tydelegare at ein blir disk
nert som nynorskbrukar

til nynorsken

Illustrasjon: Stock.XCHNG

dei skriftlege ytringane dine. Ein skal vere bra sterk og sta for å stå imot nynorskhetsen i samfunnet.

Dei negative haldningane til nynorsk er der. Det er mykje å seie om det. Det eine er sjølvsagt karaktersystemet. Merkeleg nok har jo ikkje matematikkfaget fått den same negative statusen, sjølv om elevane tradisjonelt har slite med matematikk. Så det er ikkje berre karakterane. Hovudproblemet er at haldningane til nynorsk i stor grad er «nedarva». Foreldra har ofte negative haldningar, og dei gjer sjeldan noko aktivt for å gje ungane sine eit meir balansert syn. Lærarane manglar ofte kompetanse i nynorsk og har vanskeleg for å skjule sine eigne negative haldningar, som i stor grad botnar i eigen inkompetanse på dette feltet. Manglande kompetanse fører i neste omgang til at dei ikkje klarer å lære bort nynorsk, noko som forsterkar dei negative haldningane og «angsten» hos elevane. Ein del politikarar ser lettvinte poeng og nører opp under det heile med sin retorikk. Merkeleg nok ser det ut til at mange av politikarane ikkje skjønner at det framleis finst ein del hundre tusen som har valt nynorsk som sitt hovudspråk. Det blir då enda tydelegare at ein blir diskriminert som nynorskbrukar, og at ein er mindre verd enn dei andre. Kor sterk og sta skal ein vere for å velje å bli på det undertrykte laget?

Kva skjer så når sidemålet blir valfritt? For det første: Dei som meiner at dette går begge vegane fordi sidemålet jo også kan vere bokmål, tek feil! Bokmål vil aldri vere valfritt. Ein kan velje det bort som sidemål på skolen, men ein kjem ikkje unna bokmål i samfunnet elles. Så det er politikarspråk å snakke om sidemål i denne samanhengen. Det er alltid berre snakk om at nynorsk skal bli valfritt. Kall ein spade for ein spade!

Det er ikkje tvil om at svært mange elevar vil velje bort nynorsk som sidemål. Det ligg i menneskets natur å alltid gå lettaste veg. Det vil vere nokre få kultur- og historieinteresserte som vil velje nynorsk, og det vil vere dei som vil opponere mot systemet. Når nynorsk blir valfritt i skolen, vil det også vere vanskelegare å oppretthalde det offentlege kravet om språkleg likestilling, fordi det blir stadig mindre kompetanse på området. Dette kan ein sjølvsagt løyse ved at ein tilbyd nynorskkurs til statstilsette, dvs. at ein lærer nynorsk først når ein skal byrje i ei offentleg stilling der det er kravd. Spørsmålet er då bl.a. korleis det skal gå med lærarutdanninga og fri flyt av arbeidskraft i Noreg. Kven er det som skal undervise på skolar som framleis ønskjer å ha nynorsk som hovudmål? Det seier seg sjølv at det vil bli enda færre skolar på sikt, bl.a. fordi ein får færre kvalifiserte lærarar, og fordi samfunnet elles signaliserer tydeleg at nynorsk ikkje er likestilt eller like mykje verdt som bokmål. Det kan godt hende at nynorsk som sidestilt skriftspråk allereie er truga eller har tapt, jf. klimakatastrofen eller bieproblematikken, men å gjere nynorsk valfritt vil i praksis vere det same som å seie at vi ikkje treng å tenkje miljø fordi det er for seint allereie likevel – eller at vi ikkje giddar å gjere ein innsats.

Nynorsk og bokmål utfyller kvarandre. Det er bruk for begge skriftspråka med bakgrunn i den språklege og historisk-politiske historia vi har. Det er heller ingen tvil om at dei to skriftspråka i dag har blitt påverka av kvarandre, og at verken bokmål eller nynorsk ville ha sett ut slik det ser ut i dag, dersom det ikkje var for den andre skriftvarianten. Dei som kan glede seg over at bokmål i dag er norsk, kan takke nynorsken for det.

På den andre sida meiner eg personleg at det ikkje hadde vore noko stort problem å samle bokmål og nynorsk til eitt språk, «samnorsk» (ein kan jo godt diskutere termen/namnet, som er belasta). Vi har ein lang tradisjon for valfridom og sideformer. Alle er einige om at vi snakkar norsk i Noreg (og fleire samiske språk, kvensk, minoritetsspråk...). Det er òg slik at dei aller fleste snakkar si personlege dialekt, som avvik frå begge skriftspråka i større eller mindre grad. Innanfor talespråket er vi svært tolerante for avvik og mangfald, mens skriftspråka utløyser heftige debattar. Det kan godt hende at ein ved ei samanslåing av bokmål og nynorsk til eitt skriftspråk i praksis ville ta livet av nynorsken på sikt, fordi bokmålsbrukarane, som er i fleirtal, ville favorisere sine former og nynorsken dermed druknar. Men det ville i alle fall vere ein meir naturleg og demokratisk måte å gjere det på, enn å ta eit klart standpunkt mot nynorsk og fortelje alle nynorskbrukarane at ein helst ikkje vil ha dei – dei kan bli valde bort av majoriteten. Retorikken til dei partia som stemmer for valfritt sidemål (nynorsk) er nok ikkje særleg gjennomtenkt – er så det det nettopp det han er. Men då har vi ikkje eit språkproblem; då har vi eit demokratiproblem.

JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norsk
Høgskolen i Hedmark
Leiar i Hamar dialekt- og mållag

Raringar utanfrå

YTRING

Noregs Ungdomslag, Det Norske Teatret og Bondeungdomslaget i Oslo har gått saman om noko dei kallar Den mangfaldige scenen, eit forum for barn og ungdom, mest utlendingar. På skipingsmøtet 4. september sa teatersjef Erik Ulfsby mellom anna: "Vi (Det Norske Teatret) ble startet for 100 år siden som en arena for folk som kom utenfra og som snakket rart".

Dette reiser to spørsmål. Kom dei som gjorde opptak til skipinga av Det Norske Teatret eigentleg ***utanfrå***? Er det vanleg oppfatning at dei snakka ***rart***?

"Det Norske Teatret er eit lag med avgrensa ansvar, som har til føremål å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by", heiter § 1 i DNT sine vedtekter. Med norsk mål meiner ein i dette tilfelle nynorsk. I lov for DMS heiter det derimot: "Den mangfaldige scenen skal dyrke ein mangfaldig språkbruk, men har eit særskild ansvar for å dyrke nynorsk skriftspråk i alle skriftlege samanhengar". Det er noko heilt anna, "ein mangfaldig språkbruk".

Ein skal ikkje sjå bort frå at Den mangfaldige scenen kan kunna brukast som brekkstang for dei mange, både i og utanfor Det Norske Teatret, som ikkje med sin beste vilje kan forstå kvifor eit så stort og flott teater skal vera bunde til å måtta halda seg innafor ei slik snever ramme.

SVERRE GAMMERSVIK

Spørsmål til Ottar Grepstad

YTRING

I nr. 4 hevda Ottar Grepstad at Ivar Aasen *fann* nynorsken, ikkje at han *oppfann* den. Korleis kan han meina dette? Ideen om at det fanst (og finst! ...) kun éin måte å representera dei mange ulike dialektane gjennom eitt sams skriftspråk, ser ut til å liggja bak. Med andre ord verkar det som om Grepstad meiner at den rettskrivinga som Aasen (og seinare rettskrivingsautoritetar!) landa på, har vore den einaste logiske måten å byggja eit skriftspråk av norske dialektar på.

Ettertida har til fulle vist at nynorsk rettskriving kan vera so mangt, og meiningane om korleis rettskrivinga bør vera, har alltid vore delte. For meg verkar det arrogant å hevda at éi norm er meir fullkomen enn alle andre mulege normer.

Men Grepstad forsvarar sitt syn med å visa til «språkhistoria» og til «språkteoriane». Eg vil be han utdjupa kva sanningar han der har funne som får han til å konkludera at nynorsk ikkje er eit konstruert språk.

VIDAR SÆTRE